



Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale til dispensasjon til flytting av naust på gnr. 26 bnr. 82, Sundet, Meland kommune

Vi viser til brev frå kommunen datert 30.01.2019. Saka gjeld søknad dispensasjon frå reguleringsplanen sitt føremål og frå føresegna om storleik på naust og byggjegransa mot sjøen for flytting av eksisterande naust på gnr. 26 bnr. 82 Sundet.

Fylkesmannen meiner kommunen bør vurdere å endre reguleringsplanen, i steden for å gje dispensasjon frå denne. Kommunen kan vurdere om det er mogleg å endre planen med ein enklare prosess etter plan og bygningslova (pbl.) § 12-14 ledd to og tre. Denne paragrafen i lova vart endra i 2018, slik at det skulle verte enklare å gjere mindre vesentlege endringar av reguleringsplanar.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent